

MØTEINNKALLING

Organ:	SOGN REGIONRÅD	
Møtestad:	Hardangerfjord Hotel, Øystese	
Møtedato:	16.09.2020	Tid: 14:00 - 16:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 908 30 284 – Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

1. Oppmøte
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av protokoll frå møtet 12.6.2020
4. Handsaming av saker i rådet

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
13/20	20/8423-1 Budsjettramme 2021 Sogn regionråd
14/20	20/1894-6 Orienteringssaker

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **20/8423**

Arkiv: **150**

Saksnr.: Utval
13/20 Sogn regionråd

Møtedato
16.09.2020

Sak 13/20

Budsjettramme 2021 Sogn regionråd**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2021 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til budsjettramme 2021 for Sogn regionråd

Saksutgreiing:

Totalt budsjett for Sogn regionråd er kr 9 106 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 2 347 000, kontingent kr 3 910 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 315 000.

Kontigenten dekker utgifter til sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, programleiar for barnehage og skule, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule og delar av prosjektleiar for Sogn for alle. Kontigentaugen er knytta til deflator (2,7 prosent) for stillingane.

I tillegg til kontigenten kjem kr 1 534 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Nokre kommunar har sagt opp kommunenett. Oppseiingane er gjort på ulike tidspunkt. I og med at fleirtalet av kommunane har sagt opp avtalen er kostnadane ikkje utarbeidd kostnadsfordeling mellom kommunane for kommunenett.

Rådmannsgruppa har i tidlegare møte bedt Sogndal kommune vurdere ein reduksjon i administrative kostnader og husleige for Sogn regionråd. Ny avtale frå 2020 er ikkje på plass. I påvente av ny avtale og avklaring om administrative kostnader og husleige blir deflator lagt til i budsjettramma for 2021. Rådmannsgruppa ønskjer 20% administrativ ressurs. Administrasjonen legg til grunn at kostnadsauken kan løysast innanfor budsjettramma og det vert ikkje lagt inn kontigentaugen for den administrative ressursen.

Eksterne midlar er tilskot til kompetanseutvikling i barnehage og skule og fylkeskommunale utviklingsmidlar.

Gjennom samarbeidsavtalen med fylkeskommunen har vi over mange år motteke regionale utviklingsmidlar. Dei siste åra har det årlege tilskotet vore kr 500 000. Den toårige avtalen gjekk ut 2019 for dei fire regionråda i Sogn og Fjordane. Midlane frå fylkeskommunen er viktige for regionrådet sitt utviklingsarbeid og utan desse midlane vil utviklingsarbeidet få eit tilbakeslag. Vidareføring av midlane er teke inn i budsjettramma.

Av omsyn til budsjettprosessen i kommunane vert budsjettramma lagt fram for regionrådet i dette møtet. Budsjett for 2021 vil bli handsama i regionrådsmøtet 11. desember 2020.

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **20/1894**

Arkiv: **062**

Saksnr.: Utval
14/20 Sogn regionråd

Møtedato
16.09.2020

Sak 14/20

Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen

Skriv og meldingar

1. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, 28. juni 2020
2. Regional transportplan for Vestland 2022-2033, 10. juli 2020
3. Regional plan for næringsutvikling og innovasjon Vestland, 20. august 2020
4. Tiltak for næringslivet under koronakrisa, 21. august 2020
5. Innspel til kompetansebehov i arbeidslivet til Kompetanseforum Vestland, 30. april 2020 og 31. august 2020.



Vestland fylkeskommune

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - fråsegn

Sogn regionråd meiner utviklingsplanen gjev ei strategisk retning for Vestland. Mål og strategiar i planen svarer på viktige utfordringar for fylket og regionane. Sogn regionråd arbeider for ei positiv utvikling i regionen vår og har følgjande kommentarar til planen:

Vi støttar fylkeskommunen sitt mål om å vera leiande verdiskapingsfylket og pådrivar for desentralisering. Det må skapast nye og fleire arbeidsplassar i Vestland. Utviklinga må kome alle delar av Vestland til gode. Vi vil trekke fram Sogn sine fortrinn som kraft, reiseliv, industri, landbruk og innovasjon.

Det er eit stort potensial for vekst i næringslivet som tek del i det grønne skiftet. Industrispørsmåla er svært viktige for Vestland som eit stort industri- og energifylke. Det trengst ein aktiv regional og nasjonal industripolitikk. Vi oppmodar om at Industristrategien for Sogn og Fjordane 2016–2025 blir ein del av planen for innovasjon og næringsutvikling, slik at denne blir å gjelde for heile nye Vestland fylke. Strategien vil vera eit nyttig verktøy for hjelpemiddelapparatet, som skal leggje til rette for verdiskaping i industriverksemder og hos leverandørane til industriverksemdene i fylket.

Lokalisering av statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar påverkar den regionale balansen. Vestland treng sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar for å vera attraktive for busetjing og for etablering av verksemder. Fylkeskommunen har ei viktig rolle for å få til balanse mellom by og distrikt. Digitaliseringa gir moglegheiter som bør utnyttast enno meir for å nå målet om desentralisering.

Vi har ikkje merknader til dei regionale planane som fylkeskommunen ønskjer å prioritera. Utifrå rådet sine satsingsområde er vi særleg opptekne av desse planane: Innovasjon og næringsutvikling, transport, kompetanse, senterstruktur og klima.

Sogn regionråd meiner at planane ikkje må gjerast meir omfattande enn nødvendig. Arbeidet med dei ulike planane bør samordnast på tvers av fag og sektorar og i dialog og samskaping med regionar og kommunar.

Vi ser fram til samarbeid for utvikling i Vestland.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vestland fylkeskommune**Regional transportplan for Vestland 2022-2033 - fråsegn**

Sogn regionråd har følgjande innspel til planprogrammet til regional transportplan for Vestland:

Fylkesvegnettet

- Det er behov for ei offensiv satsing for tryggare vegar. Stengde vegar har store konsekvensar for bygdesamfunn som ofte er utan reelle omkøyringsmoglegheiter. Sogn regionråd meiner rassikring må få stort fokus i planarbeidet.
- Prioriteringsliste over skredsikringstiltak frå dei to fylka må vidareførast inn i den nye regionale transportplanen. Modellen til Statens vegvesen med rasfaktor som kriterie må leggjast til grunn. Fylkeskommunen bør ikkje ta inn andre kriterie.
- Drift- og vedlikehald av fylkesvegane må prioriterast. Fylkeskommunen bør retta fokus på sikker framcome, gjennom mellom anna utbetring av bruer og flaskehalsar. I påvente av større opprustingsprosjekt bør ressursinnsatsen aukast for nokre utsette punkt.
- Behovet for betre tilgjenge til flyplass bør synleggjerast i planen.

Mobilitet og kollektivtransport

- Kollektivtransport må bli reelle alternativ til bil også i distrikta. Om ein lukkast med å få fleire til å reise kollektivt vil det gje moglegheiter for auka inntekt som igjen kan gje fleire kollektivruter. Det bør utviklast modellar for eit framtidretta kollektivtilbod der fylkeskommunen bruker ny teknologi og digitale løysingar for meir skreddarsydde ruter. Sogn ønskjer å vera med i samarbeid med Vestland om modellar for eit meir fleksibelt kollektivtilbod.
- Både av tryggleiks- og miljøomsyn bør utbygging av gang- og sykkelvegar vera eit område som det bør satsast på. Større grad av lokale tilpassingar bør vurderast. Særleg er det viktig med godt utbygde gang- og sykkelvegar for born og ungdom. Planarbeidet bør ha fokus på trygge og gode alternativ for skuleelevar.
- Talet på tilreisande er stort samanlikna med talet på fastbuande. Dette gjeld i vår region og i andre delar av fylket. Transportplanen bør innehalde ein strategi for korleis transport- og infrastrukturtiltaka saman med ruteproduksjonen kan bidra til å legge til rette for styrking av heilårsreiseliv i fylket.
- Vi deler dei høge miljø- og klimaambisjonane til Vestland. Elfly-teknologien er i ei spanande utvikling. Vi ønskjer å lansera Sogndal lufthamn Haukåsen som mogleg testpilot for elfly.

Nasjonale ansvarsområde

- Sogn regionråd ønskjer at nasjonale turistvegar blir teke inn som nytt punkt i planprogrammet. Satsinga er viktig for å gjera Noreg enno meir attraktivt som reisemål. Det må vere ein eigen plan for korleis vi skal kunne marknadsføra og ta vare på dei nasjonale turistvegane i vårt fylke.
- Fylkeskommunen bør ha fokus på å knyte regionane saman.

Sogn regionråd står samla om kva samferdsletiltak som er prioriterte i vår region, og har gjennom vår samferdsleplan valt ut felles prioriteringar som grunnlag for innspel til regional og nasjonal transportplan. Medverknad frå regionråd og kommunar er viktig for å få forankring og eigarskap til transportplanen. Vi ønskjer å vera aktiv medspelar og ser det derfor som positivt at regionråda vert tekne med i planarbeidet.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Vestland fylkeskommune

Regional plan for næringsutvikling og innovasjon - fråsegn

Sogn regionråd meiner planprogrammet for regional plan for innovasjon og næringsutvikling er eit godt utgangspunkt for at Vestland blir det leiande verdiskapingsfylket. Å bygge på regionale fortrinn vil vere viktig for å oppnå dette overordna målet.

Sogn er ein livskraftig region som har store moglegheiter for framtida. Våre fortrinn er fornybar energi, reiseliv, industri, landbruk og innovasjon. Sogn har veksande næringsliv, nyskapingmiljø og er ein næringsattraktiv region som kan visa til gode tal for arbeidsplassvekst.

Det er stor vekstkraft i dei nye næringane. Utviklinga innan digitalisering, behov for stadig ny kompetanse og tempoet på informasjon som skal handterast gjer det nødvendig med auka delingskultur og samhandling. For å stimulera til nærings- og samfunnsutvikling bør det arbeidast for å utvikla nettverk og skapa arenaer som gjev grobottn for samarbeid og utvikling.

Sentraliseringa av befolkninga har blitt langt sterkare dei siste tre åra og analyser viser at nettoflyttinga har blitt meir sentraliserande dei siste åra. For å snu utviklinga må heile fylket bli teke i bruk. Det må leggjast til rette for ei styrking av kunnskaps- og kompetansmiljøa i dei ulike regionane i fylket, med sterke og attraktive regionsenter som viktige drivarar.

Sogn regionråd har følgjande innspel til plantema og prosess:

- **Regionsentra** stimulerer til verdiskaping og konkurransekraft, har spesialiserte tenester som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeida og bu i alle delar av fylket. Kompetansmiljøa i dei ulike regionane i fylket må styrkast med sterke og attraktive regionsenter som viktige drivarar.
- **Industrien** er viktig for verdiskapinga i fylket. Sognregionen har sterke industrimiljø. Sogn regionråd saknar omtale av industristrategien for Sogn og Fjordane 2016-2025. Industristrategien var ein del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane og bør innarbeidast i regional plan for innovasjon og næringsutvikling.
- **Reiseliv** er Noregs tredje største næring. Sogn regionråd støttar forslaget i planen om at reiseliv blir ein del av den regionale planen.

Vi oppmodar fylkeskommunen om å arbeida aktivt for å oppretthalde den lokale kjennskapen til næringsliv, kulturliv og sivilsamfunn. Gevinsten vil vere eit meir heilskapleg bilete av fylket sine samla interesser, utfordringar og moglegheiter.

I utforminga av dei regionale planane og iverksettinga av desse er det nødvendig med gode medverknadsprosessar. Tett samarbeid og partnerskap er nødvendig om planane skal bidra til å mobilisere ulike aktørar i same retning. Det er positivt at Vestland legg vekt på å samarbeide med regionråda. Regionane og kommunane treng virkemiddel og verktøy i arbeidet med samfunns- og næringsutvikling.

For å nå dei overordna måla i planane bør fylkeskommunen samordna arbeidet på tvers av fag og sektorar. Vi saknar omtale av korleis fylkeskommunen vil få til kopling og koordinering mot andre regionale planar.

Mange bransjar i vår region er hardt ramma av koronakrisa. Situasjonen er alvorleg og det vil ta tid å kome tilbake til normalsituasjonen. Vi meiner planarbeidet bør ta høgde for skiftande rammevilkår og behov for omstilling. Sogn regionråd oppmodar Vestland til å følgje utviklinga tett og at det vert arbeidd for tiltak som kan setjast inn på kort og lang sikt for å hjelpe bedriftene i den krisa vi står midt oppe i.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Tiltak for næringslivet under koronakrisa

Sogn regionråd meiner at dei mange tiltaka som er sett i gang i samband med covid-19-pandemien har vore til god hjelp, men koronakrisa i næringslivet er fortsatt svært alvorleg. Utsiktene framover er dystre og det er venta at krisa vil vare til 2023-2024.

Det må leggjast til rette for kortsiktige og langsiktige tiltak for å avhjelpe situasjonen og for å sette fart i lokalt næringsliv dei neste åra. Tiltak som vil avhjelpe situasjonen for mange bedrifter er desse:

- Ei halvering av meirverdiavgifta frå 12 prosent til 6 prosent og utsett betaling ut 2021
- Utsett betalingstid frå 3 til 6 år på statsgaranterte lån
- Utvida permitteringsperioden frå 26 til 52 veker slik regjeringa foreslår for å unngå oppseiingar

Reiselivsnæringa er ei stor næring i vår region og er hardt ramma av covid-19-pandemien. På heile Vestland er det om lag 40 000 tilsette i reiselivsnæringa, no kjempar dei for sin eksistens. For reiselivet vil det i tillegg til tiltaka som alt er nemnt vera viktig å innføra desse tiltaka:

- Annonsera opning av konferansemarknaden for inntil 500 personar
- Auka statlege bidrag til marknadsføring av Norge som reisemål i utlandet og i eige land

I vår region er det mange bedrifter som fell mellom to stolar i ordningane frå staten. For at kompensasjonsstøtta skal hjelpe fleire bør den endrast slik:

- Utvida ordninga for sesongbedrifter som driv «heilt eller delvis utandørs» til å omfatta alle sesongbaserte bedrifter og slik fanga opp heile reiselivet, som overnatting, servering og attraksjonar.
- Inkludera ikkje skattepliktig verksemder i ordninga som t.d. opplevingssenter, museum og attraksjonar
- Redusera omsetningskravet frå 80 prosent til 75 prosent i perioden

Sogn regionråd ber om at ordningane vert utvida slik at fleire bedrifter kjem inn under tiltaka. Det vil ta tid å kome tilbake til normalsituasjonen, dette gjeld fleire bransjar i vår region. Sogn regionråd oppmodar om at det vert sett inn tiltak både på kort og lang sikt for å hjelpe bedriftene gjennom krisa vi er inne i.

Vidare oppmodar vi til at ein følger med på situasjonen i reiselivet og anna næringsliv frå hausten 2020 og vidare gjennom 2021 og eventuelt også inn mot 2022 i forhold til behovet for forlenging og utviding av ordningane eller innføring av nye hjelpetiltak.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Innspelsrunde – Kompetanseforum Vestland: Vurdering behov for strakstiltak

1. Innspel til strakstiltak som følgje av Covid-19 eller oljeprisfallet

a) Akutte behov for kompetanseheving: (fritekst)

- Kunnskap om offentlege anskaffingar
- Mekanisk kompetanse knytt til drift og vedlikehald av skitrekk/heis
- Reiseliv – kunnskap for å utvikle lokale produkt knytt til mat
- Teknologi og digitalisering – bransjevis
- Helsefagutdanning til personar med realkompetanse

b) Kompetansebehov etter- og vidareutdanning: (sett inn ekstra liner og skriv i fritekst ved behov)

Utdanningsinstitusjon/ opplæringsaktør	Kort skildring av kompetansebehovet	Dokumentasjon
	Helsefagutdanning til personar med realkompetanse	
	Kokk	
	Bakar	
	Industriell matproduksjon, automasjon	
	Resepsjon/hotellfag og serviceyrke	
	Kompetanse på internasjonal marknadsføring	
	Risikostyring	
	IT, system, teknologi	
	Maskinførarkurs for trakkemaskin	
	Skipatrujlekurs	
	Driftsleiarkurs for skitrekk	

Vidaregåande opplæring – innspel behov for strakstiltak hausten 2020 som følgje av mogleg redusert tilgang på nye læreplassar/ permitteringar av lærlingar:

Ingen relevante tilbakemeldingar.

Innspel til dimensjonering av utdanningstilbudet 2021/2022:

1. Kompetansebehov vidaregåande opplæring skuleåret 2021-2022:

Utdanningsprogram	Kort skildring av behovet	Dokumentasjon
Restaurant og matfag/kokk og servitør	Stor etterspurnad etter kokkar i Sogn. Særskilt viktig for reiselivsnæringa, som no har auka fokus på bruk av lokal mat- og drikke.	Nav har fått fleire førespurnadar frå arbeidsgjevarar som treng rekruttering til kokkestillingar. Når dette ikkje har vore mogleg å oppdrive har Nav godkjent rekruttering frå 3. land; rekruttering av personar som ikkje er statsborgar i eit EØS-land. I tillegg til reiselivsnæringa har kommunane meldt inn behov for kokkar.
Transportfag	Transportnæringa har stort behov for nyrekruttering – både buss og godstransport.	Statistikkgrunnlaget til fylkeskommunen. Elles melder NAV om mange ledige stillingar knytt til dette området.
Informasjon og mediefag, informasjonsteknologi og medieproduksjon	I Sogn har ein sterke fagmiljø knytt til digitalisering, både offentlege og private. Både Digitaliseringsdirektoratet og Fylkesmannens fellesadministrasjon (avd. digitalisering, lokalisert på Leikanger) har signalisert at dei ynskjer seg lærlingar til utviklingsavdelinga. Treng då lærlingar som kan meir om programmering og informatikk. Dette vil vere svært viktig for å sikre rekruttering og bygge opp under desse kompetansemiljøa i Sogn.	Samtalar med einskildaktørar.
Sveiser	Utfordringar med å få rekruttert sveisalar lokalt.	Særskilt tilbakemelding frå Luster Mekaniske Industri (LMI), som er verdsleiar med sin høgteknologiske sveisekompetanse og utfører store prosjekter til olje- og gassindustrien - både på norsk og utenlandsk sokkel.
Helsefagarbeidar	Mange av våre hjelpepleiarar vil snart gå av med pensjon. Det er derfor behov for helsefagarbeidar på kort og lang sikt i vår region.	Statistikkgrunnlaget til fylkeskommunen. Spørjeundersøking i kommunane.
Dataelektronikar	Kommunane har behov for arbeidskraft med kompetanse innan datatekniske system og utstyr.	Spørjeundersøking i kommunane
Erfaringane er at det er god formidling av lære plassar i Sogn, noko som tilseier at dimensjoneringa har treft arbeidskraftbehova.		Tilbakemeldingar i regionen

2. Kompetansebehov fagskule: (sett inn ekstra liner ved behov)

Utdanning	Kort skildring av behovet	Dokumentasjon
-----------	---------------------------	---------------

3. Kompetansebehov høgskule/universitet:

Utdanning	Kort skildring av behovet	Dokumentasjon
Offentlegheitslova, Forvaltningslova, personalleiing,	Generelt eit behov for dei offentlege verksemdene å kunne ta vidareutdanning innan desse emna. Dette er viktig for vidare utvikling av verksemdene, for å sikre kompetente tilsette. Ynskje om tilbod lokalt.	Spørjeundersøking og samtale med einskildaktørar.
Planleggarar	Både kommunar og fylkeskommune slit med rekruttering av planleggarar.	Samtale med einskildaktørar.
Digitalisering, Virksomheitsarkitektar	I Sogn har ein sterke fagmiljø knytt til digitalisering. Både dei offentlege og private aktørane melde at det kan vere utfordrande å rekruttere til dømes virksomheitsarkitektar	Samtale med einskildaktørar.
Master i barnevern	Nytt krav, behov for å få utdanningsretninga lokalt.	
Sjukepleiarar	Det er stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi kommunane får nye oppgåver og mange av dei som er sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder. Prognoser viser at sjukepleiarar er av dei yrkesgruppene det vil vera størst mangel på i åra som kjem. Viktig med deltidsutdanning der tilsette kan ta studiet der dei bur.	Kunnskapsgrunnlaget til fylkeskommunen. Spørjeundersøking i kommunane.
Ingeniørar	Kommunane har behov for ingeniørkompetanse innan byggtekniske fag.	Spørjeundersøking i kommunane
Grunnutdanning for lærarar og førskulelærarar	Mange lærarar vil gå av med pensjon om 5-10 år.	Spørjeundersøking i kommunane
Vidareutdanning for lærarar i grunnskulefag, fagområde for barnehagelærarar og innan spesialpedagogikk	Kompetansekrava for lærarar er forsterka for kort tid tilbake. Det er fortsatt sterkt fokus på tilpassa opplæring slik at vi treng lærarar med kompetanse innan spesialpedagogikk. Det er behov for spesialpedagogikk i barnehage.	Spørjeundersøking i kommunane

Sogn 31.8.2020